



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 22.12.2016

Vår ref.: 2016/6676-44

Saksbehandlar: anethom

Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Kulturtiltak - amatør - hausten 2016

Vi viser til dykkar søknad om tilskot til Kulturtiltak - amatør - hausten 2016.

Kultur- og ressursutvalet handsama søknaden i politisk sak 167/16 på møte den 06.12.16. Dykkar søknad vart diverre gitt avslag.

Grunngjeving:

Ved søknadsfristen «TS_FRIST» var det kome inn 38 søknader. Samla søkesum var om lag 900 000 kr. Det var totalt 351 000 kr til fordeling under Kulturtiltak - amatør - hausten 2016. Minst 146 000 kroner av desse skal gå til tiltak som gjeld barn og / eller ungdom. Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke.

Det kom inn mange gode søknader som fylte vilkåra for ordninga. Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria fastsett i vedtekne retningsliner

For oversikt over tildeling sjå politisk saksframlegg og vedlegg.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, hfk@hfk.no merka Klage – 2016/6676. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B Skaar
utviklingssjef

Sakshandsamarar: Marianne Ose Askvik og Tone Stedal Haugland

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.